

BOKN BYGDÅBLAD

NR. 10 - DESEMBER 1991 - ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

HELSING FRA ORDFØRAREN

Aret 1991 som snart er til ende, vil utvilsomt bli ståande som eit merkeår i lang tid framover for oss boknarar. Dersom me hadde spurt den enkelte om kva som har festa seg mest i minne frå dette året, har eg ein mistanke om at dei aller fleste ville svara: Kongebesøket.

Sjølv om bruåpninga den 22.02., og åpninga av ferjesambandet sørover kvar for seg var avgjort store og betydelege hendingar, er nok nettopp besøket av Kongen det som folk hugsar best, og seinare vil forbinda desse merkedagane med.

Eg vil nytta dette høve til å takka alle for den velvilje og sporty innstilling som vart lagt for dagen i planlegginga og gjennomføringa av dei store festdagane me har hatt. Dette bekreftar at når me står saman om noko, maktar me også å gjennomføra det til punkt og prikke.

Det vart nok knytt forventningar til at den nye tida skulle skapa ny vekst i bygda. Dette har vel ikkje synleggjort seg så mykje ennå, men så er me heller ikkje langt på fjorden komen. Det er registrert større interesse for bustadtomter. Utanom dei husa som alt er under bygging er det 5 - 6 hus til under planlegging.

Den føreståande utbygginga på Kårstø bør kunna gi ytterlegare etableringar av bustader.


Kårstøutbygginga bør kunna utnyttast av oss også på andre område. Eg tenkjer særleg på dei unge som er under utdanning siktar seg inn på å kunna søkja arbeid der.

Dessverre er det mørke skyer også over oss tillike med resten av landet. Krisa i oppdrettsnæringa kan føra til tap av arbeidsplassar. I skrivande stund er situasjonen veldig ustabil, men me får håpa på det beste.

Men det er vel slik, at det me kallar problem er for bagatellar å kalla i forhold til det som skjer rundt om i Europa, der krig og fattigdom med svære folkemengder på flukt er ting me ser på TV kvar einaste dag. Kanskje hadde "lakseberget" gjort nytte for seg der.

Eg ynskjer alle ei god fredeleg julehelg, og eit godt Nyår.

Helsing Leif.



JULEMINNER FRÅ KRIGSAÅRA

Julefeiringa som eg hugsar kan ikkje samanliknast med jul i våre dagar. Me hadde ingen radio som spela julesangar. Den tok tyskerane frå oss. Der var lite julestas og juleutstilling på krambunga i Straumen. Men me klyppa papir og lima med kveidemjølslim. Så pynten på juletreet var englar, stjerner og lenker som me laga sjølv, eg hugsar at mor var med oss og klypte til englar og korger. Julafta tente far dei levande julelysa, me gjekk rundt og song. Og juleevangeliet blei lest av far eller mor. Pakkar under treet hadde ikkje me då eg var liten. Då me la oss hengde me sokkane våre på sengastolpen, og tenk om natta kom nissen og la noko oppi, me visste nok at det var hu mor.

Fyrste gongen eg hugsar me hengte opp sokkane våre var nok før krigen, eg hugsar ruter med kokesjokolade, og det fanns ikkje i krigen.

Ikkje appelsiner, bananer og dadler var her i krigen. Men Mor laga gode julekaker og fyrstedagsmorgen kosa me oss i senga med innholdet i sokkane.

Når far hadde hummar i kista, så koka mor hummar julafta. Tyskarane stal hummaren frå far, og far fann den dau i ein bekk sør i marka, dei tenkte nok den skulle leva der til julekvelden. Eg minnes, og kanskje det var julen 43 eller 44. Det var ettermiddag, eg, Hans og Sigurd var borti der rundkjøringen er nå. Så kom kommandanten, øverste sjefen der sør forbi. Han kunne ikkje norsk, men me forstod at han ville ha oss med sør over til Klepp, han lovte oss drops. Hans trudde ikkje me hadde lov, men eg ville vera med, så eg lokka både Hans og Sigurd med. Me følgde han gjennom vakta og gjennom leiren til kommandantbrakka, og inn på


kontoret, der fann han rullar med drops til oss alle, ein til kvar av oss ungar. Og frå kantina fekk me ein stor pakke med kaker. Me blei litt redde, når me skulle gå heim. Det var jo hus og veier i alle retningsar. Me kjende ein tysker som heitte Naustberg. Han kunne norsk, og me spurde etter han, og han skulle følgja oss heim. Då kom far over hauen, med Ingebjørg med seg. Mor var redd for oss.

Tyskarane var berre snille med oss ungane, og me var aldri redde dei, kan ikkje hugsa at me fekk skjenn heller. Dei hadde nok ungar mange av dei heime i Tyskland.

Eg hugsar at bestemor kom med små pakkar til oss til jul. Det var lubber eller vetter, ho spøta dei av garn ho spenn sjølv. Me fekk nye kjolar til jul som mor sydde, og gutane fekk sydde nikkersar hos Marta Are. Stoffer var ikkje godt å få tak i i krigen. Ho Hanna Ådnaneset kom frå Stavanger når far slakta før jul, ho byta tøyar med kjøt, flesk og egg. Det var spennande når Hanna kom, ho var det fres i! Ho gjøymde flesket og alt saman i køya ombord i skøyta, når ho skulle til byen igjen, for tyskerane kontrollerte, men ho lurte dei kvar gong. Og til jul sendte mor oss mange gonger med fett, blod og kjøt til dei som ikkje hadde gris. Mor hadde alltid tankar for andre og delte alltid med seg. Tyskerane hadde mange polske fangar i huset hans Sigvald, og i ei brakke der nord budde mange norske som arbeidde sør i Klepp. Når me hadde noko mat ekstra, fekk eg lov å gi sjever og potetskaker til fangane, dei marsja forbi huset vårt morgon og kveld. Og når eg sat ytterst på trappa lurte eg mat borti handa til dei, som vaktene ikkje såg (det var spennande).

Eg fekk spel og anna som dei laga igjen, dei smidde fuglar og skrin av tre. Eg og Hans var nord i brakka med seperert melk i ei bytta, og alle fekk duppa krusa i bytta. Så eg har mange gode minner frå tida i krigen.

Me mangla aldri mat heima i krigen, sjølv om tyskerane stal mange sauer og dei stal egg og høns. Likevel hadde alltid far og mor noko å dela med andre. Det var nok Gud som la sin velsignelse til. Og det var Gud som holdt si hand over oss i krigen. Kanskje me gjer vel i å tenkja over alle dei gode åra me har fått sidan krigen og takkar Gud for både mat, kler og gode heimar.



Då me la oss hengde me sokkane våre på sengastolpen.....

Guds velsignelse og god jul til alle boknarar.

Hilsen Ruth Grønnestad.

KULTURSTYRET GIR HONNØR TIL MÅLFRID KRO TROSNAVÅG

Bokn kulturstyre gjorde i siste møte vedtak om å påskjøna det arbeidet som Målfrid Kro Trosnavåg har gjort i 1991 med kulturformidling. M.a. har ho gjort ein framifrå innsats ved å syna Bokn fram for mange busslaster med dagsturistar frå ulike kantar av fylket.


Dette meiner kulturstyret er så bra at dei gir henne ein oppmerksomhet før jul. Det er meint som ein erstatning for ein eigen kulturpris, for som dei fleste kjenner til, er det ikkje berre dette arbeidet i Bokn sitt kulturliv Målfrid Kro Trosnavåg opp gjennom åra har gjort stor innsats.

I 90 KM OVER BOKN TIL SOMMAREN?

Ja, dette er den fartsgrensa vegsjef Chester Danielsen foreslår frå Arsvågen til Boknasund Bru på Kyststamvegen som vil få nemninga Riksveg 1.

Då må ein i alle fall sjå seg godt om når ein skal inn på "fartsvegen" ved Knarholmkrysset. Høgare fartsgrense er vel ein fordel for dei som fartar gjennom kommunen, men er det det for oss?

Kommunen får framleggget til uttale.



USIKKERT FOR OPP-

DRETTSNÄRINGA

Uvisse om kva som vil skje er vel det som mest pregar oppdrettsnäringa i Bokn for tida.


Det som har skjedd i denne näringa vil sannsynlegvis også få stor betydning for alle i Bokn som arbeider med oppdrettstilknytta arbeid, også dei som driv med smolt og Bokn Fiskemottak. Etter at staten har gått inn med midlar for å vera med å berge näringa, er det på langt nær alle som vil få dekka det dei har av uteståande fordringar, og det dreier seg om store summar.

Dei fleste ventar nå spent på kor mykje dei vil få dekka av det dei har uteståande, og før det er avklart er det vanskeleg å seia korleis det vil gå med den enkelte. Det same gjeld Bokn fiskemottak som også er inne i ein situasjon kor dei på den eine sida har uteståande fordringar, og på den andre sida sjølv skuldar pengar til andre. I tillegg er mottaket i behov av eit såkalla sanitæranlegg til slakteriet for å kunna ta imot fisk frå fleire leverandørar. Slik det er i dag kan dei berre ta imot fisk frå nokre lokale leverandørar som ikkje har sjukdom i anlegga sine.


Adventssangen




Vårt første lys vi tenner
og stirrer mot det blå.
Vårt første lys vi tenner,
Guds sønn vi venter på.



Vårt annet lys vi tenner,
for Jesus gjør vi det.
Vårt annet lys vi tenner,
snart får vi stjernen se.



Vårt tredje lys vi tenner,
la stjernen skinne klar.
En bønn til Gud vi sender,
nå kommer julen snart.



Vårt fjerde lys vi tenner,
hør englesang så nær.
Fold hender, barn, fold hender,
nå har vi julen her.

Lille. 4. div. avd. F, Rog.

Åkra 4	12	12	0	0	102-	19	36
Torvastad 4	12	9	1	2	55-	29	28
Bokn	12	7	2	3	52-	28	23
Sveio 3	12	5	0	7	40-	67	15
Auklandshamn	12	4	1	7	26-	49	13
Vedavåg 3	12	2	0	10	26-	53	6
Åkra 5	12	1	0	11	18-	74	3

JAMT FIN AUKE I TRAFIKKEN OVER BOKNAFJORDEN

Driftsleiar Torleif Frafjord i Rogaland Kystferjer opplyser til bygdabladet at trafikken totalt sett over Boknafjorden (Bokn + Skudenesh-sambandet) har ein auke på 16,7% i oktober i forhold til i fjor.

For november var auken 8%. Han reknar dette som svært positivt.

Elles er det nå 82% av trafikken som går over Bokn, og 18% over Skudenesh.

Framh. s. 5

Framh. frå s.4

Torleif Frafjord seier at det har vore få stopp i trafikken p.g. av veret, men at det er eit problem med for lite belysning ute i hamna.

Vegvesenet har nå lova at det skal koma meir lys i sjølve hamna, og Frafjord meiner då at det skal bli lettare for ferjene å manøvrera også i därleg ver.

LYSPUNKT I ARBEIDSLØYSA:

Bokn Bygg A/S har mange oppdrag

I desse tider hører ein mest berre om konkursar og nedleggingarav arbeidsplassar. Men det finns lyspunkt, og det i byggebransjen som har vore ein av dei mest utsette næringane.

Annbjørn Bokneberg i Bokn Bygg A/S opplyser at firmaet for tida har fleire oppdrag enn på lenge. Dei har hus under arbeid, og fleire nye oppdrag langt utover i 1992. Oppdraga dei har fått er ein del nybygg pluss ein del mindre ting. Bokn Bygg har 5 - 6 mann i arbeid.

Bokn Bygg A/S skal m.a. føra opp eit lagerbygg på si eiga tomt på Hognaland. Dette bygget får ei flate på ca. 600 kvadratmeter på eflate.

Ein av grunnane til at firmaet har fått så godt med arbeid, er nok at det har vore ein del interesse for dei kommunale tomtene i det nye byggefeltet ved Knarholmen.



ÅRHUNDRETS BIBLIOTEK

Biblioteket hadde i oktober/november utstillingen
ÅRHUNDRETS BIBLIOTEK.

Hundre litteraturkyndige i Norge hadde kåra århundrets bibliotek, ei liste over dei hundre beste, mest sentrale bøkene frå vårt århundre.

PROSSESEN av Franz Kafka fekk flest stemmer, og blei kåra til århundrets bok.

På biblioteket kunne ein ta del i ein litterær konkurranse. Biblioteket har trukke ut fire deltakarar som har fått tilsendt århundrets bok 'Prossesen' av Franz Kafka.

Dei fire er:

Armand Svendsen
Inger Alvestad
Solveig Våga Loten
Ove Alvestad

FRAMTIDSVYER FOR BYGDABLADET

Sjølv om me er med i bygdabladnemda, og har ei aning om kva som skal koma ut i neste nummer, gler me oss sikkert like mykje som alle andre til kvar ny utgåve av bygdabladet. Me trur nok der er fleire boknarar med ei komplett samling, heilt frå det fyrsta prøvenummeret og fram til desemberutgåva i 1991. Det seier ikkje så reint lite om kor stor pris me set på bladet. Det er likevel ikkje sjølvsagt at Bygdabladet skal bli ei levedyktig "avis" for all framtid. Så lenge bladet er ei månadsavis kan ho sjølvsagt ikkje konkurrera med dagsaviser om nyhendestoff. Kven ville vel vere interessert i å lesa ein månad gamle utgåver av Haugesunds Avis eller Stavanger Aftenblad. Dette er ein av grunnane til at Bygdabladet til tider like gjerne kunne vore gjeven ut av bygdaboknemda, som av bygdabladnemda, bladet blir ikkje dårligare av den grunn. Kor godt Bygdabladet skal bli avheng i stor grad av redaktøren - kva stoff han får inn, og kva slag idear han får frå bygdabladnemda og dei kommunale og statlege kontora. Til alle kommunale etatar kjem det kvar månad fleire rundskriv og annan post som har betydning for innbyggjarane i ein kommune avdi dei endrar på våre pliktar og rettar. Desse rundskriva er ikkje alltid like lette å lesa og bli klok av. Det same gjeld alle dei vedtaka som dei ulike kommunale organa gjer, og andre ting som skjer innafor dei ulike etatane som har allmenn interesse.

Ein god del kommunar har teke konsekvensen av dette. Ta til dømes nabokommunane Tysvær og Karmøy. Sjølv om Karmøy er ein mykje større kommune enn Bokn, er det dei same rundskriva som kjem dettane ned på dei kommunale og statlege kontora der som i Bokn. Skilnaden er

berre at Karmøy tek konsekvensen av informasjonsplikta si på ein annan og betre måte enn Bokn. Kven har ikkje sett heile avissider i Haugesunds Avis der Karmøy informerer innbyggjarane sine om kommunale saker. I tillegg nyttar dei lokal-radioen for å informera innbyggjaren sine om kva som rører seg i kommunen. Tysvær har visst og ein halvtime der dei informerer sine innbyggjarar. All denne informasjonen er det kommunane sjølv som presenterer for publikum. Det er ikkje reportarar eller journalistar som treng grava fram stoffet på leit etter etter ting til avis eller radioprogrammet. Det ville vore fint om dei kommunale etatane i Bokn kunne sjå på grannekommunane og læra litt av dei. Informasjonstrøngen er ikkje mindre om kommunen er liten. Skal me kunne ha eit levedyktig Bygdablad bør dei kommunale etatane nyta Bygdabladet i langt større grad enn no. Som lesarar ville me sett pris på at kvar etat hadde si faste overskrift i kvart einaste Bygdablad. Der skulle dei sjølv skriva og meddela boknarane ting som angår alle i kommunen. Innføringa av data i kommunen, der alle etatane har tekstbehandlingsutstyr, gjer at dette arbeidet burde gå mykje lettare no enn før. Me ser føre oss faste overskrifter som:

Sentraladministrasjonen informerer, skulen informerer, teknisk etat informerer o.s.b. På den måten kunne redaktøren koncentrera seg om det stoffet som ikkje er av kommunal eller statleg karakter. Med så mange faste bidragsytarar ville vi få eit levedyktig Bygdablad i Bokn.

Helsing den avtroppande bygdabladnemnda:
Arvid Jøsang, Ingunn Våge og
Liv Vatnaland.



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORSDAG: 10 - 13.30



LESETIPS VAKSNE


Benkow, Jo :
Olav - menneske og monark

Brant, Rut :
Alltid kom jeg hjem

Dickens, Charles:
Et Julekvad

Libæk, Ivar:
Norges historie fra
istid til oljealder

Obrestad, Tor:
Arne Garborg



BARN/UNGDOM

Belsvik, Rune :
Dustefjerten

Beskow, Elsa :
Petter og Lottes jul

Brekke, Toril :
Den hemmelige tvillingen

Disney, Walt :
Lady og Landstrykeren

Mathisen, Mathis :
Elskede Johnny

BIBLIOTEKT ER STENGT TIRSDAG 17.12 OG ONSDAG 18.12

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR !

Helsing Linda på biblioteket

STILAR FRÅ 4. KLASSE

Bokn Bygdablad har fått desse stilane frå nokre av elevane i 4. klasse ved Bokn skule

SYMJING

Me går på symjing nesten kvar mandag. I dag skal me på symjing og det blir gøy håpar eg. Eg kan symja. Eg hoppa frå 3 meteren, det er litt ekkelt men det er gøy og. Eg blir jo van med det.

I det little bassenget er det varmt og i det store bassenget er det litt kaldt. Men ikkje så mye. Me må gå opp til symjebassenget med det er eg van med. Det er litt gøy og så. Når me er ferdig tar me buss ned til kaien. Så tar me vestamaranen til Arsvågen. Det er i siste time me skal symja. Då tar me buss til Arsvågen og vestamaranen til Koparvik. Me har Per og Sigrun på symjinga. Me har 2. klassen med. Me får lov til å gjere ka me vil, men me må trenna litt. Eg trur 2. klassen har lov og var i det store bassenget hvis dei kan symja. Men eg trur ikkje me har lov og var i det litla bassenget.

I dag skal eg, Eilin og Anne Margrete vara i lag. Det er gøy. for me finne på så mykje løye. Med hoppar og ler. Og Nei det er så mykje at eg kan ikkje skriva det opp.

Janne Elisabeth

HAUSTVER

Gule, rauda og oransje blad dett ned på bakken. Då blir det ein flaum av blad som vi kan bada i .

Det er gøy når det regnar for då har eg noke å plaska i. Etterpå når eg blir våte går eg in og set meg foran peisen og stirrar inn i flamen eg høyrer korleis regnet durar og singlar på ruta.

Kjartan

SPEIDARTUR

Eg har vore på speidartur. Mamma køyrde meg, Anne Margretha, Arnstein, Magnar og Tor Harald. Me køyrde i ein time. Då var me framme på Vigdarheim. På fredagskvelden var alle speidarane i peisestova. Der hadde me leiker. Me hadde stilleleiken og andre leiker. Veret var surt. Det var kaldt, det regna og det blåste. Men inne var det varmt og godt.

Ingen ville legga seg, men til slutt så sovna alle med et sødt smil. På laurdagen padla me i kanoane. Bianca datt uti og blei våt.

Det var Ole Johannes og dei andre fjompenissane si skuld. Ottar slakta 2 harar. Alle blei sure, Til middag hadde med pizza. Me hadde leiker om kvelden og Solveig og Marit song. Ottar og Egil hadde laga song. Den kvelden var klokka 4 før med sovna. På sundag var alle trøtte. Då måtte me pakka, vaska og reisa heim.

8

Jrene.

HAUSTEN PÅ BOKN

Om hausten vert det kaldt og surt. Bladene blir gule, røde og oransje. Vi haustar aldri eplene. Fuglane flyg til syden, for her er det for kaldt. Om hausten spelar vi sjakk, cinasjakk og svarte petter. Vi må gå med varmare klær. Her er det mykje storm. Om hausten pleier det å vera kaldt og det regnar mye. Av og til reiser vi på tur.

John Olav

DÅ ME HENTA KVELPEN

Me sko henta ein liten kvelp på 6 - 8 veker. Me reiste om fredag med tog. Det var kjempekjekt for eg har aldri reist med tog. Då me kom fram på førarhundskulen sa me at me sko henta ein liten kvelp. Ja det var sant. Dåke må venta litt så skal dåke få kvelpen. Eg håpar at den var fin for då er di så søte. Så komei svensk dame som bar ein liten sot kvelp i eit håndklede. Kvelpen er ein labrador. Ho er svart. Ho forklarte oss kva me måtte gjera for det var ikkje ein vanleg kvelp. Den skal nemleg bli ein førarhund. Eg gruar meg til me ska levera henne for me ska berre ha henne i eit år.

Ho heiter Kikki eg synest Kikki er eit fint namn. Eg lurer på om ho blir førarhund. Det håper eg. Men det er voldsomt strengt for hunden må vera frisk. Vist hunden ikkje er frisk kan det oppstå problem mjødlom hunden og mannen eller damå. Då me sko reisa heim tok me fly. Det og var kjekt for eg har heller ikkje floge før. Då me landa i Haugesund kom mor og henta oss.

Bjørg Synnøve

HAUSTEN

Hausten er kald og sur
då er det veldig lurt,
å sitte inne i varmen
med katten oppi armen.

Fuglane flyr til andre land
her regnar det i bytter og spenn.
Stormen rasar, regnet dett
mens eg har det varmt og hett.

Røde, gule og oransje blad
fyker rundt i garasjen til far
Det blir mørkare ute nå
foreningen begyner også då.

Epler kan vi hausta nå
dei er mange ikkje få
Et eit eple det er godt,
beste eple eg har fått.

Anne Regine
9

SKULEKORPSET I

KONKURRANSE



Laurdag 23. november var det klart for "BRASS 91" i Festiviteten i Haugesund. Konkurransen, som har ein avdeling for skulekorps og ein avdeling for vaksenkorps (amatørkorps), blei i år arrangert for andre gong. I fjar var forresten Bokn Brass med og fekk ein fin 3. plass.

Både musikantar, dirigent og ikkje minst "heiagjengen" frå Bokn var spente på korleis det skulle gå i den store Festiviteten med den litt spesielle akustikken. Då me vel ein halv time forsinka stod klare til å gå på scenen var det nok ein del som ønska seg heim til Bokn. (Det var forresten midt i blinken for oss at alt var forsinka, for parkeringsplass var det så vidt me fant den laurdagen.....)

Dei 24 som var med i korpset spelte knakande godt ! Alt etter dei første tonane forstod eg at dette ville gå svært bra. Korpset satt tett saman og gav alt. Ja, det står respekt av den innsatsen korpset gjorde i 15 minuttar ! Og det skulle vore mykje meir boknarar der...

Dette var ein program-konkurranse der programvalet til korpset er 10 poeng av 110. Heller ikkje i år var dommarane heilt samde med oss i programvalet, og me fekk berre 4 poeng her og heile 84 for den musikalske utføringa av programmet. Dette gav oss ein 5. plass (av 7), og me er sjølv sagt nøgd med det.

Me kunne lett ha kome mykje lenger opp på lista i denne jevne konkurransen med fleire poeng for programvalet. Korpset kunne ikkje ha spela stort betre, så det er på programvalet me må prøve å sanke fleire poeng neste gong.

Me håpar framover at korpset får halde på medlemmane når dei veks til - slik at me kan vere med i konkurransar. For uansett kor negativt det kan vere viss det går därleg, så verkar det enormt motiverande og skapar ein god tone i korpset. Dessutan er det då fantastisk gøy å jobbe som dirigent !

Takk til dei flinke og samarbeidsvillige instruktørane Jonne Holm, Hege Jøsang, Janne Are og ikkje minst Torhild Svendsen som i fleire år har gjort ein utruleg innsats - også som korpsleiar !

Også ein varm takk til støttespelarane Kristine Vatnaland og Leif Arild Sæbø for sporty og flott innsats !

VEL BLAST !

Jondal

EIT YNSKJE FRÅ MUSIKKSULEN

No nærmar ei høgtid seg, og musikkulen har som vanleg fleire oppdrag på gong både på skulen og andre arrangementer i bygda - og det er bra !

Men bruk oss også meir utanom høgtidene. Ta kontakt med oss i god tid før arrangementet - då blir resultatet best. Me har mange elevar som ynskjer å opptræ fordelte på aktivitetar som :

- UNGDOMSKOR
- DRAMAGRUPPE
- KEYBOARD
- ASPIRANT
- SOLOSONG
- PIANO
- EL.-ORGEL
- TVERRFLØYTE

Her er noko for ein-kvar smak.

Nokre grupper opptrer åleine eller me kan slå saman til forskjellige instrumentgrupper.

YNSKJE OM Å HALDA OPPE EIT RIKT MUSIKKMILJØ I LOKALSAMFUNNET ER STORT !

EIT NYTT ÅR STÅR SNART FOR DØRA - TENK PÅ DETTE - OG BRUK OSS MEIR !!



ATTVAL AV ORDFØRAR

NY VARAORDFØRAR

Dette vart resultatet av det konstituerande møtet som det nye kommunestyret hadde den 12. november.

Leif Vatnaland (Sp.) vart attvald for 4 nye år, medan Bernhard Våge (Sp.) vart ny som varaordførar. Tidlegare har det vore Ap som har fått varaordførar, men dette samarbeidet gjekk ikkje i orden i år, og i staden vart det Krf. som inngjekk eit valteknisk samarbeid med Sp, og på den måten fekk ein fast representant i formannskapet.

Slik ser formannskapet ut i

komande fireårsperiode:

Sp: Leif Vatnaland og Bernhard Våge.

H: Gunn Arntsen Grønnestad.

Krf: Sigurd Johnny Svendsen.

Ap: Birger Lindanger.

Skulestyre:

Sp: Anne Marie Medhaug, Rune Vatnaland, Ragnhild Laupland og Trond Nedrebø.

H: Ingvar Alvestad og Gunn Arntsen Grønnestad.

Krf: Sigmund Alvestad.

Ap: Marie Løvoll Faye og Arne Hosaas.

ANNE MOR og VESLE-PER

Denne songen var mykje brukt før ein del år sidan. Ikkje berre her, men også andre stader i fylket, m.a. på Jæren. Etter det me har hørt, er det berre her i Bokn songen har vore brukt i seinare år. For eit par år sidan vart Målfrid Kro Troenavåg intervjuet på "direkten" i lokalradioen på vesle-julafta. Ho fortalte då om denne songen, og song også eit par vers på sparket.

Forfattaren er ukjend, men tonen er Tordenskjold.

Songen stod i eit av dei aller første nr. av bygdabladet, i 1985 før 6 år sidan. På oppfordring kjem han om igjen.

Annemor og Vesle-Per veit at Jolekveld det er,
då dei Joletre må ha, men kvar skal dei treet ta.

Skogen er så langt i frå, og dei kan han ikkje nå.
Ute dei på vesle bein, far er burte mor er klein.


Anne tenkjer ut og inn, leysing då til sist ho finn,
tek så fram ein kjøkenstol; Per no skal me halda Jol.

Finn ho så ein limestubb, kanskje var det gryterubb,
set så den på stolen ned, Per nå har me Joletre.

Tek så Anne - Per i hand, nå er dei i Lukkeland.
Syng så glad om "Arme små", "Glade Jul" og "Himmel bla".

Monsemann og Tuppemor ser på leiken utan ord.
Annemor og Vesle-Per gled seg nå for Jol det er.

Er du berre barn i sinn, vil nok gleda koma inn.
Sjølv i tome fatig krå, Barnesinn vil lukka nå.



YNGSTEMANN I DET NYE KOMMUNESTYRET

DAG IDAR JØSANG-21 ÅR-

Det må vera lenge sidan at ein 21-åring har hatt fast plass i kommunestyret i Bokn. I alle fall kjenner ikkje bygdabladet til at det det har vore så unge folk inne i seinare tid.

Dag Idar sto på Høgre si liste, og seier at han ikkje hadde tru på at han ville koma inn i kommunestyret.

Han har i to år vore med i Unge Høgre, og i eitt år i arbeidsutvalet i Rogaland Unge Høgre. Han er dessutan med i noko som kallast fylkestingsgruppa kor partiet tar opp aktuelle saker som skal opp i Fylkestinget.

Etter Ungdomsskulen i Bokn gjekk Dag Idar to år på vidaregåande skule, teknisk teikning, og arbeidde deretter 1 år og 9 mnd. i firmaet Peconor og HMV. Etter det begynte han på vidaregåande skule kor han nå går i 2. klasse, allmennfag ved Vardafjell v.g. skule i Haugesund.

Dag Idar seier til bygdabladet at han nå er mykje meir motivert for skulen enn han var etter 9. klasse.

Etter 3. året ved Vardafjell v.g. skule vil Dag Idar gå vidare i samfunnsfag, men har ikkje heilt bestemt kva det blir.

Dag Idar seier at det ikkje er så stor interesse for politikk blant ungdommen i Bokn generelt sett, men at enkeltsaker ofte blir diskutert. Interessa aukar nok når ungdomane stiftar familie og får behov for barnehageplass, skule, fritidstilbod m.v. Sjølv synes han at Bokn går inn i ein interessant periode, og

synes både skuleutbygging, bustader for ungdom og bygdahus må vera aktuelle saker. Han meiner at skuleutbygginga er nødvendig, men at ein bør drøfta nøye gjennom til kva pris og standard. Dei aktuelle sakene må sjåast i samanheng, slik at det blir ressurser til fleire ting. Sjølv er han interessert i det meste som rører seg i politikken, men særleg i det som går på ungdommen sine oppvekstvilkår.

Dag Idar synes nok det er skjedd ei endring når det gjeld ungdomsmiljøet i Bokn dei siste åra. Før var dei ulike aldersgruppene meir samla, mens dei litt eldre ungdommane nå er mindre heime på Bokn. Det blir helst på dansetilstellingane dei går. Tidlegare møttest dei meir på kaien og på diskoteket.

Elles synes Dag Idar at ordninga med fritidsleiar er positiv for den noko yngre ungdomsgruppa, og har inntrykk av at miljøet rundt fritidsklubben Petra på onsdagane og fredagsarrangementa på gamleskulen nå fungerer bra.

Mange unge frå Bokn ville ynskja å slå seg ned her. Difor meiner Dag Idar at kommunen må vera med og leggja tilhøva til rette slik at dei kan få seg bustad og arbeid. Han synes det er trist at oppdrettsnæringa har fått så store vanskar, i og med at dette rammar både oppdretta og Bokn Fiskemottak kor det er mange unge som har arbeid. Elles seier han at det jo går an å pendla til arbeidsplass og skule nå når bruene er komne, og dette er positivt for ungdommen.

UTSLEPPSFORBOD FOR SILOPRESSAFT TIL VATN

Fylkesmannen i Rogaland har informert kommunane om at ved ei revidert føresegns om silopressaft er det bestemt at det nå er eit generelt forbod mot utslepp av pressaft til vatn. Føresegna skal dermed tryggja mot forureining av både vassdrag, sjøområde og grunnvatn. I ein overgangsperiode på 10 år kan det gjevast dispensasjon til

kravet om oppsamling av pressaft for sjøområde med gode utskiftings og strøymingsforhold.

Fylkesmannen vil i samråd med fylkeslandbrukskontoret vurdera kva område som vil få dispensasjon.

Føresegna gjeld for alle anlegg, dermed gjeld føresegna også for utesiloar og rundballar.

FØRSKULESTART OG INNSKRIVING TIL 1. KLASSE.

Det blir innskriving til 1. klasse for barn født i 1985 og heimehøyrande i Bokn, mandag 6. januar 1992 kl. 0830 i 6-årsrommet i skulen.
Det er ønskjeleg at minst ein av foreldra er med på innskrivinga.

Innskrivinga vil foregå som følgjer:

Dei nye 1.klassingane blir tatt i mot av rektor/under-visningsinspektør med innskriving av namna i ei klassebok.
Deretter får dei hilse på fadrane sine fra 5.klasse.
Fadrane vil ta 6-åringane med på ei omvising i skulen og ei lita kosestund.
Mens omvisinga foregår får foreldra ei kort orientering.
Og det blir val av klassekontaktar.
Resten av dagen fram til kl. 1210 blir det vanleg førskule for 6-åringane med Oddrun Nilssen som lærar.

FØRSKULE

Det blir, dersom kommunestyret godkjenner ordninga, førskule kvar mandag og onsdag frå 6.1.92 og ut skuleåret.

Førskulen varer frå kl. 0830 til 1210 og vil halde til i 6-årsrommet. Førskulen er frivillig. Det er likevel grunn til å understreke at at ein håper alle vil gjere seg nytte av tilbodet. Det har mykje å seie for den einskilde at dei er saman om denne førebuinga til skulestart.

Dei som går i barnehagen (6-årsgruppa) vil få førskulen som ein del av barnehageophaldet, utan ekstra kostnad. For dei som ikkje går i barnehagen reknar ein at førskulen vil koste kr 200 pr. månad (5 terminar). I tillegg kjem betaling for melk m.v.

6-åringane vil kunne følgje skuleskyssen, men har ikkje krav på fri skyss etter reglane som gjeld for skuleelevar.

Påmelding til skulekontoret eller avdelingsleiar Oddrun Nilssen.

Dag Halvorsen

ATTGLØYMDE KLEDE PÅ SKULEN

Etter 1/2 år med skule - er haugen med attgløymde klede blit stor.

Foreldre som saknar noko og ynskjer å sjå gjennom desse kleda, kan gjera dette mellom kl. 14.00-15.00 skuledagar fram imot jul.

Kleda er på det rommet som vaskepersonalet brukar. Ta kontakt med dei som vaskar.

Bokn skule
Ingjerd Thuestad

Hymne til Josef

Den unge Maria vandret engang til Betlehems by forteller den gamle legende som alltid er like ny.

Det var ikke rom i herberget.
Men stallen var lun og varm.
Så fødte hun der sin første sønn støttet av Josefs arm.

Stjernesoler og vismenn.
Hyrder og englekor.
Hva tenkte den mørke Josef som aldri mælte et ord?



Slekters gang

Fødslar:

10.01.91 Roar Grønnestad Jøsang
23.01.91 Wolfgang Birkelund Ognøy
31.05.91 Didrik Alvestad
01.07.91 Tina Børgeesen Høyland
12.08.91 Eirik Nedrebø
01.11.91 gutt (Dag Atle Øvrebø og Gry Kvinnnesland)

Døde:

Ottar Alvestad d. 27.02.91
Arthur Monrad Aksdal d. 27.03.91
Jakob Thorland d. 03.06.91
Sigurd Inge Våga d. 04.10.91
Julie Helen Øvrebø d. 18.11.91

Gjennomstrålet av himmelsk glans
lyste de hellige to.
Hva tenkte den mørke Josef
som bare var trofast og god?

Kanhende han svøpte sin kappe
litt bedre om barnet og moren.
Slik vernet han ordløs menneskets drøm
den hellige Josef av jorden.

Inger Hagerup

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilsida: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT:

- 13.12.: Pensjonistfor. har
møte kl. 17.30
15.12.: Luciafest kl.19.00
Arr: Bokn skulekorps
28.12.: Fiskarlagsfest
30.12.: Juletrefest for barn
kl. 16.30 på skulen
Arr: Foreldreråda i
skule/barnehage
06.01.: (13.dag jul) Eldrefest
på Allrommet kl. 17.30
Arr: Bokn sanitetsfor.

LEGE I DESEMBER

P.g.a. at både julafta og
nyttårsafta fell på faste
legedagar i år, vert det ikkje
lege desse dagane. Men det
vert lege desse dagane:

Fredag 13. desember
Tysdag 17. desember
Fredag 27. desember

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den
13. januar.
Påmelding til sosialkontoret
tlf. 74 85 00

BOKN SOSIALKONTOR

TIL SALGS

Besøkstjenesten i Røde Kors
har et begrensa antall
"Bokn-platter" med motiv fra
Boknasund Bru til salgs. Pris
: kr. 180,-.
Else Nilssen tlf. 74 83 38
Solvor Våge tlf. 74 83 08

1 palle Leca splittblokk ca.
8m til salgs til halv pris.
Henv. tlf. 74 85 75



GUDSTENESTER:

- 15.12. Kl.11.00 Høgmesse.
Soknepr. Nattv. Offer
til Den indre sjøm.misj.
24.12. Kl.14.00 Fam.gudsteneste
26.12. (2.j.dag) Høgtidsgudst.
kl. 11.00. Soknepresten
05.01. Kl. 11.00 Høgmesse
19.01. Kl. 11.00 Høgmesse

**TAKK FOR BIDRAG TIL
BYGDABLADET**

Bygdebladnemnda vil med dette
takka alle som gjennom året
har bidratt med stoff til
bygdabladet.

Helsing

redaktøren og bygdabladnemnda

RENOVASJON I ROMJULA

Bosskjøring fredag 27.
desember i staden for onsdag
25 (1. juledag).

Sigmund